

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Thomas Skår	Gbnr-14/10, Gbnr-14/85	19/421

Saknr	Utval	Type	Dato
074/2020	Formannskapet	PS	31.08.2020

Klage på vedtak - tiltakshavar trekk husbåt ut av søknaden

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Ønskje om å trekke "husbåt" frå søknad	15.06.2020
Klage på vedtak 003/2020 datert 03.02.2020	01.04.2020
Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova - husbåt - gbnr 14/10	08.10.2019
Nabovarsel og Kvittering for nabovarsel - gbnr 14/10	17.10.2019
Uttale - Masfjorden - 14/10 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon	08.11.2019
Masfjorden kommune - uttale til høyring om dispensasjon til oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gnr14 bnr10	15.11.2019
Melding om delegert vedtak - søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 1410	28.11.2019
Klage på delegert vedtak- søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge - gbnr 14/10, 14/85	18.12.2019
Klage på delegert vedtak om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebrygge gbnr 14/10	04.02.2020
Førespurnad om utgreiing av mogleg ulovleg tilhøve Træet	14.06.2019
husbåt 1	14.06.2019
Utgreiing om tiltak i sjø	18.06.2019
Klage - Masfjorden - 14/10 - Træet 23 - oppføring av husbåt - forlenging flytebrygge - dispensasjon	25.02.2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Klage frå Fylkesmannen i Vestland vert teke til følgje. Viser til grunngjeving i saksframlegget nedanfor.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Det er frå Fylkesmannen i Vestland kome inn klage datert 24.02.2020 på Masfjorden kommune

v/formannskapet sitt vedtak av 03.02.2020 under sak 003/2020 der det vart gjeve løyve til dispensasjon frå plan- og bygningslova § 1-8 og byggteknisk forskrift (TEK 17) for oppføring av husbåt og forlenging av flytebyggje gbnr 14/10 og 14/36.

Ny informasjon i saka er at tiltakshavar har sendt epost til kommunen datert 15.06.2020 der han trekk «husbåten» ut av søknaden, men ynskjer framleis at forlenging av flytebyggja vert handsama.

Fakta

Saka gjeld søknad om dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebyggje gbnr 14/10 og 14/36.

Fylkesmannen i Vestland har i klage datert 24.02.2020 klaga på Masfjorden kommune v/formannskapet sitt vedtak av 03.02.2020 under sak 003/2020 der det vart gjeve løyve til dispensasjon for oppføring av husbåt og forlenging av flytebyggje gbnr 14/10 og 14/36.

Klage frå Fylkesmannen i Vestland vart meldt opp til formannskapet til handsaming 31.03.2020, der det vart vedtatt at saka vert utsett.

Tiltakshavar skriv i epost til kommunen datert 15.06.2020 at han trekk den delen av søknaden som gjeld husbåten, men ynskjer framleis at forlenging av flytebyggje skal handsamast.

Vurdering

Søknaden gjeld no berre forlenging av flytebyggje, da husbåt er trekt ut av søknaden.

Fylkesmannen rådde i i brev datert 07.11.2019 i frå at det vart gjeve dispensasjon, i hovudsak på grunn av manglande samsvar med arealbruk i overordna plan, og uheldig verknader for natur og friluftsliv.

Administrasjonen er samde med Fylkesmannen som meiner at tiltaket vil medføre uheldige verknader for natur og friluftsliv.

Administrasjonen er også samd med Fylkesmannen som skriv i klagen at : «Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag eller heimel for å gje dispensasjon slik det er søkt om. Vi meiner at konsekvensane av å dispensere frå føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i kommuneplanen i dette høvet set omsyna som plan- og bygningslova skal ivareta vesentleg til side.

Kommunen forstår at tiltakshavar ynskjer å utvide næringsverksemda gjennom å etablere fleire moglegheiter for utleige av båtar. I dette høvet er likevel føresegna til kommuneplanens arealdel klar på at i områder som er satt av til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» er det ikkje tillate å føre opp flytebrygger og kaianlegg. Føremålet er fleirbruksområde for natur- og friluftsliv, ferdsle, farleier og fiske, kvar for seg eller i kombinasjon. Vedtaket om dispensasjon vil kunne undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen.

Fylkesmannen konkluderar med at: «konsekvensane av å dispensere frå føremålet «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» i kommuneplanen, set omsyna som plan- og bygningslova skal ivareta vesentleg til side. Vi kan heller ikkje sjå at fordelane ved ein dispensasjon er

større enn ulempene. Dispensasjonen oppfyller dermed ikkje vilkåra for å kunne gje dispensasjon etter pbl. § 19-2 andre ledd.»

Rådmannen er enig i Fylkesmannen sine vurderingar i denne saka.

Konklusjon

Jf. saksframlegg til formannskapsmøte 31.03.2020 er rådmannen sitt framlegg til vedtak fortsatt at klage frå Fylkesmannen i Vestland vert teke til følgje.

Dersom ikkje klage frå Fylkesmannen vert teke til følgje, vert saka sendt til kommunal- og moderniseringsdepartementet for oppnemning av setjesfylkesmann som vil fatte endeleg avgjerd i saka.

Formannskapet - 074/2020

FS - behandling:

Erlend Kvamsdal (H) sa han var inhabil i denne saka grunna slektskap til søker. Det vart samrøystes vedteke av Kvamsdal var inhabil og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Ordførar Karstein Totland (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden Formannskap tar ikkje Fylkesmannen si klage til fylgje, og opprettheld sitt vedtak frå 31.03.2020.

Grunngjeving:

Formannskapet kan ikkje sjå at det er vesentlege negative konsekvensar knytt til omsyn som det vert vist til i saksutgreiinga, då omsøkt område allereie i dag har utbygd kaianlegg og søknaden er ei utviding av eksisterande kaianlegg samt plassering av husbåt i tilknytning til dette kaianlegget. Tiltaket ligg og i nærleiken av naustet og bryggeareal i Hostelandsosen og ikkje i omsynsområder som t.d. Herøyosen slik det vert vist til i utgreiinga. Etter ei samla vurdering meiner Masfjorden kommune at fordelene ved å gje dispensasjon er større enn ulempene.

Formannskapet si vurdering av tolkningsfeil av områder som er satt av til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».

Kommuneplanens arealdel legg til rette for ei rekkje mindre lokaliseringar av sjøbruk, dvs. naustmiljø som naturleg inkluderar bryggjer, enten fastmontert eller som flytebryggjer.

Omsøkte søknad om dispensasjon for forlenging av eksisterande flytebrygge er tufta på NÆ-05 Træet sin status i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden 2018 - 2030.

Masfjorden formannskap ser det som naturleg at eksisterande infrastruktur som flytebrygger er naudsynt for den reiselivsretta verksemda som tiltakshavar har fått heimla i arealplanen.

Masfjorden formannskap kan ikkje sjå at ein dispensasjon til forlenging av flytebryggja vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Tvert om meiner formannskapet at ein dispensasjon vil styrke både den tiltenkte reiselivsretta næringsverksemda og utviklinga av kommunen slik den overordna kommuneplanen er innretta. Vekst og tilflytting til Masfjorden kommune.

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.

FS - vedtak:

Masfjorden Formannskap tar ikkje Fylkesmannen si klage til fylgje, og opprettheld sitt vedtak frå 31.03.2020.

Grunngjeving:

Formannskapet kan ikkje sjå at det er vesentlege negative konsekvensar knytt til omsyn som det vert vist til i saksutgreiinga, då omsøkt område allereie i dag har utbygd kaianlegg og søknaden er ei utviding av eksisterande kaianlegg samt plassering av husbåt i tilknytning til dette kaianlegget. Tiltaket ligg og i nærleiken av naustet og bryggeareal i Hostelandsosen og ikkje i omsynsområder som t.d. Herøyosen slik det vert vist til i utgreiinga. Etter ei samla vurdering meiner Masfjorden kommune at fordelene ved å gje dispensasjon er større enn ulempene.

Formannskapet si vurdering av tolkningsfeil av områder som er satt av til «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone».

Kommuneplanens arealdel legg til rette for ei rekkje mindre lokaliseringar av sjøbruk, dvs. naustmiljø som naturleg inkluderar bryggjer, enten fastmontert eller som flytebryggjer.

Omsøkte søknad om dispensasjon for forlenging av eksisterande flytebrygge er tufta på NÆ-05 Træet sin status i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel for Masfjorden 2018 - 2030.

Masfjorden formannskap ser det som naturleg at eksisterande infrastruktur som flytebrygger er nausynt for den reiselivsretta verksemda som tiltakshavar har fått heimla i arealplanen.

Masfjorden formannskap kan ikkje sjå at ein dispensasjon til forlenging av flytebryggja vil undergrave kommuneplanen som styringsverktøy for utvikling av kommunen. Tvert om meiner formannskapet at ein dispensasjon vil styrke både den tiltenkte